



**Vågå
kommune
Teknisk**

NVE v. konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref.
2012/143/33/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Laila Nersveen
61293615

Dato
16.06.2017

Høring av søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse i Lom og Vågå kommunar

Vågå kommunestyret behandla i møtet 13. juni 2017 sak 51/17 og fatta følgjande vedtak:

«Som fiskerapporten frå NINA viser så er det gjort fleire endringar dei siste år som fyllingskrav 1. juli frå 2011 og opphør i utsetting av fisk i 2015. Dette gjer det vanskeleg å dokumentere kva for effekt dagens endringar har medført, men NINA rapporten viser at fyllingskrav innan 1. juli er betre enn fyllingskrav 10. juli.

Når det gjeld effektane for landskapsbilete, erosjon og biologisk mangfald så meiner rådmannen isolert sett at dette ikkje talar for å endre datoen for fyllingskravet. Det gjeld spesielt kva for effekt det vil ha for fiskelivet i Tesse, men rådmannen vurderer det dit hen at dei økonomiske konsekvensane må vege tyngst i denne saka. Med bakgrunn i produksjonstap bør det ligge til rette for å endra dato for fyllingskrav som omsøkt. I ein stadig meir krevjande økonomisk situasjon må Vågå kommune få tilgang på alle dei inntektene som er mogleg framover for å oppretthalde tenestetilbodet for innbyggjarane.

Vågå kommune vektlegg i si uttale at ei forskyving av fyllingskravet med ti dagar vil vere betre tilpassa tilsigstilhøva og redusere produksjonstapet, utan å ha nemneverdig negative konsekvensar på natur og miljø. Eidefoss A/S hatt eit brutto tap på 22 mill sidan konsesjonsvilkåra vart revidert for 5 år sida. Dette utgjør eit betydeleg inntektstap i utbytte for eigarane.

Vågå kommune vil difor tilrå at søknad frå Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) om endring i manøvreringsreglementet for Tesse gitt ved kgl.res. av 20.10.2011 blir godkjend. Dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) bør vere 10. juli slik som GLB søker om.»

Med helsing

Laila Nersveen
Plan- og miljørådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor ikkje signert



Vågå kommune

Arkivsak: 2012/143 -20

Arkiv: S05

Saksbehandlar:

Laila Nersveen/Jan Egil Fossmo

Høring av søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse i Lom og Vågå kommunar

Vedlegg:

- Søknad frå GLB
- Søknad med justert talmateriale frå 2016
- Fiskefagleg vurdering, NINA-rapport

Saksframlegg:

NVE har motteke søknad frå Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) om endring i manøvreringsreglementet for Tesse gitt ved kgl.res. av 20.10.2011.

GLB søker om å endre dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) frå 1. juli til 10. juli. Bakgrunnen for søknaden er at GLB meiner av forskyving av fyllingskravet med ti dagar vil vere betre tilpassa tilsigstilhøva og redusere produksjonstapet, utan å ha nemneverdig negative konsekvensar på natur og miljø.

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassdragsreguleringsloven § 10 om endring av manøvreringsreglement. Vågå og Lom kommunar er høyringspart i saken.

Vurdering:

Ved kongelig resolusjon av 28. oktober 2011 fekk GLB fornying av dei gamle reguleringskonsesjonane for Tesse. I manøvreringsreglementet til den nye konsesjonen vart det gitt eit fyllingskrav som seier at magasinet skal fyllast opp til kote 850, 92 (det vil sei 3,5 meter under høgaste regulerte vasstand) til 1. juli, og at tapping frå magasinet må tilpassast snømagasin og nedbør med sikte på å nå denne kota.

Det er fem år sidan den nye konsesjonen vart gitt og fyllingskravet har vist seg å gje store produksjonstap fordi datoen for fyllingskravet ikkje er godt nok tilpassa tilsiget frå snøsmeltinga ifølgje søknad frå GLB. Produksjonstapet dei fem fyste åra har vore høgare enn det som vart stipulert i konsesjonsprosessen ut frå historiske data. Justert søknad frå GLB der talmateriale frå 2016 er med viser at produksjonsgevinst ved å flytte fyllingskravet frå 1. juli til 10. juli ville ha

vore 0 i 2016. Det var tilsvarande for 2013, slik at det vil vere store årlege variasjonar for kor stor gevinst flytting av fyllingskravet vil ha.

Det blir no søkt om endra dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) frå 1. juli til 10. juli. Ein slik justering vil medføre at fyllingskravet blir betre tilpassa tilsiget frå snøsmeltinga og vil vere avgjerande for moglegheita til å nå fyllingskravet utan store produksjonstap oppgjev GLB. GLB skriv at ei forskyving av fyllingskravet på 10 dagar vil truleg ikkje ha stor verknad for dei tilhøva som låg til grunn for at fyllingskravet vart pålagt. Kartlegging av erosjon i reguleringssonen på Tesse viser at erosjonsproblematikken har stoppa opp/minka og at det har blitt etablert nye strandliner. Dette er eit vanleg utviklingstrekk i gamle reguleringsmagasiner. Ei utsetting av fyllingssdato vil også ha liten verknad på landskapsbilete og er vurdert til å ha ein marginal visuell effekt i landskapsrommet i eit makroperspektiv. Verknaden for fisk ved endring av fyllingskrav var ikkje fyrst greia ut, men etter krav frå høyringspartar har NINA utarbeidd ein rapport som tek for seg kva for konsekvens endring av fyllingskrav vil ha for fisken.

Søknaden frå GLB viser at ein endre dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) frå 1. juli til 10. juli vil ha marginale effekt for landskapsbilete, erosjon, men det vil truleg påverke bestanden av fisk. Endringa vil redusere storleiken på produksjonstapet som gjeldande fyllingsrestriksjon inneber.

Historikk i saken:

Oppfyllingsgrad per 1. juli var ikkje stilt som eit krav i samband med ny konsesjonsbehandling i 2011 av verken Lom eller Vågå kommunar. Det var heller ikkje andre lokale innspel som gjekk på det, men Fylkesmannen i Oppland tok opp dette som eit tema i sine uttale (1994).

I kommunen sine merknader 07.02.1995 til konsesjonssøknaden står det: *Det er ynskjeleg at magasinet vert fylt opp så raskt som mogeleg om summaren, men kommunen finn det vanskeleg med direkte pålegg her.*

Det står heller ingenting om sommaroppfylling i NVE sin innstilling (frå 2003) til konsesjonssøknaden, men Miljøverndepartementet påla i 2004 NVE å greie ut dette spørsmålet. Etter dette kjem det forslag frå NVE om oppfylling til min. 3,5 m under HRV pr. 1. juli.

Oppfylling om sommaren var nemnt i brev 6. mai 2009 frå Lund og Co på vegne av Lom og Vågå kommunar; supplerande merknader til NVEs innstilling (Kong.res. s. 120, nedst): *Samtidig mener Lom kommune at magasinet bør fylles opp slik at det tørrlagte arealet er minst mulig skjemmaende om sommeren – som er en årstid med utstrakt bruk av området, og også forhindre utgravinger i tilløpene til Tesse som i hovudsak forekommer når vannstanden er lav.*

Tenesteleiar Kari Sveen skriv i ein e-post til Tine Larsen i LVK/ Lund og Co den 09.02.2012: *Vi har frå Lom si side påpeikt landskapsestetiske ulemper knytt til den breie reguleringssonen, og at området verdi som reiselivsdestinasjon og natur- og friluftsområde for allmenta er sterkt redusert som følgje av reguleringane. Men det foreslåtte fyllingskravet med restriksjon på tapping med formål å få sommarvasstanden opp på kote 850,67 innan 1. juli er dårleg grunngeve i forhold til landskapet. Nivået er 3,5 m under HRV, og dei langgrunne strendene gjer at reguleringssonen fortsatt vil framstå svært markant og skjemmaende i landskapet. Eg saknar sterkt ei landskapsfagleg analyse med fotodokumentasjon som synleggjer kva ein oppnår med dette kravet. Kravet kan medføre produksjonstap, men vi får ikkje synleggjort konkret kva landskapsforbetring dette pålegget utgjer.* Lom kommune inviterte Miljøverndep. til synfaring, før sluttbehandling, men dept berre viste til at MD i uttale til OED hadde foreslått vilkår som sikrar høgare vasstand på sommaren og at dei ikkje hadde praksis med å delta på slik synfaring. Kvifor sommarvasstanden skal vera på akkurat kote 850,67 pr. 1. juli er ikkje spesielt grunngeve

i forhold til landskapet, men ser meir ut til å vera bestemt ut ifrå kva som er akseptabelt i forhold til produksjonstap – jf. kap. 4.6.7 i OED sine merknader.

Ifølge NVE sine tal (slik det går fram av Kongeleg resolusjon) så fører min. oppfyllingsgrad – 3,5 m pr. 1. juli til eit produksjonstap på 11 GWh, og maks. oppfyllingsgrad -0,5 m pr. 1. september til eit tap på 3,5 GWh. Eidefoss oppgjev i brev til Lom og Vågå at det samla årlege tapet har vore på ca. 25 GWh i åra 2012, 2013 og 2014.

Størst negativ verknad for Lom kommune

Det er Lom kommune som blir mest råka ved ei endring i manøvreringsreglementet for Tesse. Lom fjellstyret har kome med uttale til endringsforslaget. Dei viser både til at dei landskapsestetiske forholda ved ei seinare fylling av Tessemagasinet ikkje er målbare verdiar, men dei vil heilt klart vere negative. Mange brukar dette området til friluftsliv og rekreasjon, og i relasjon til dette er det ønskjeleg med ei tidleg magasinifylling.

Konsekvensane for dei biologiske forholda ved ei sterkare nedtapping og seinare fylling, er også vanskeleg og setje mål på. Men ei seinare magasinifylling vil opplagt vera negativt for det biologiske mangfaldet og føre til ein redusert produksjon av næringsdyr til m.a. fiskebestanden i vatnet. Årsaka til det gode fisket som har vore på Tesse dei siste to-tre åra, kan nok truleg delvis godskrivast endringane i manøvreringsreglementet som kom ved revisjonen for 5 år sidan.

Tesse fiskarlag har kome med ei uttale til endringsforslaget og dei stiller seg undrande til at fyllingsregimet seier så lite om konsekvensane for Tesse som fiskevatn. Dei meiner at det må gjerast eit betre forarbeid før søknaden i det heile tatt kan behandlast. Dei skriv følgjande: *«Konsesjonen som vart gjeven i 2011 hadde sin bakgrunn i eit langvarigt og grundig forarbeid bla mtp dei biologiske forholda i Tesse. Dette må det takast omsyn til, og regulanten må etter vår meining akseptere det produksjonstapet dette medfører.»*

Oppsummering

Med bakgrunn i produksjonstap bør det ligge til rette for å endra fyllingskravet som omsøkt. Når det gjeld effektane for landskapsbilete, erosjon og biologisk mangfald så meiner rådmannen at dette ikkje taler for å endre dato for fyllingskrav. Det gjeld spesielt kva for effekt det vil ha for fiskelivet i Tesse. NINA-rapporten konkluderer med at utsett fylling vil ha verknad for fiskeproduksjonen dersom konsekvensen av sein fylling reduserer siktedjupet. Produksjon av aure er basert på næringsdyr i den pelagiske næringskjeda i form av zooplankton. Dersom siktedjupet blir redusert vil produksjonen i den pelagiske næringskjeda bli tilsvarende redusert.

Redusert fylling vil gjere at strandsona med fine sediment i den nedre delen av reguleringssona blir eksponert for bølgeerosjon, noko som kan gje redusert siktedjup dersom låg vasstand etter isgang og vind opptrer samstundes. NINA-rapporten viser til at dette skjer føreseieleg, der vind og kva for fyllingsgrad dette opptrer ved, er viktige faktorar. Verknaden på den pelagiske næringskjeda er avhengig av siktedjup-produksjon og kor lenge det held på, men det vil mest truleg ha verknad på fisken i form av redusert tilvekst og kondisjon. Utsett fyllingstid vil også gje dårlegare med skjulestader for småfisken. NINA-rapporten konkluderer med at fyllingskrav innan 1. juli er eit betre fyllingskrav enn 10. juli. Ikkje noko fyllingskrav som i den gamle konsesjonen, var mindre føreseieleg og gav dårlegare tilhøve for fisk samanlikna med fyllingskrav anten 1. juli eller 10. juli.

NINA-rapport støtter opp under uttala som Lom fjellstyret og Tesse fiskarlag har kome med tidlegare i prosessen. Som fiskerapporten frå NINA viser så er det gjort fleire endringar dei siste år som fyllingskrav 1. juli frå 2011 og opphør i utsetting av fisk i 2015. Dette gjer det vanskeleg å dokumentere kva for effekt dagens endringar har medført, men NINA rapporten er klar på at fyllingskrav innan 1. juli er betre enn fyllingskrav 10. juli. Dei meiner at ei eventuell endring av rammene må difor baserast på meir enn berre auka kraftpotensial og dermed ein auka økonomisk gevinst. Dette synet deler ikkje rådmannen. Økonomien for kommunen må i denne saka vega tungt. Kommunen slit med stadig trongare økonomi og treng alle dei inntektene dei kan få.

Rådmannens innstilling:

Som fiskerapporten frå NINA viser så er det gjort fleire endringar dei siste år som fyllingskrav 1. juli frå 2011 og opphør i utsetting av fisk i 2015. Dette gjer det vanskeleg å dokumentere kva for effekt dagens endringar har medført, men NINA rapporten viser at fyllingskrav innan 1. juli er betre enn fyllingskrav 10. juli.

Når det gjeld effektane for landskapsbilete, erosjon og biologisk mangfald så meiner rådmannen isolert sett at dette ikkje taler for å endre datoen for fyllingskravet. Det gjeld spesielt kva for effekt det vil ha for fiskelivet i Tesse, men rådmannen vurderer det dit hen at dei økonomiske konsekvensane må vege tyngst i denne saka. Med bakgrunn i produksjonstap bør det ligge til rette for å endra dato for fyllingskrav som omsøkt. I ein stadig meir krevjande økonomisk situasjon må Vågå kommune få tilgang på alle dei inntektene som er mogleg framover for å oppretthalde tenestetilbodet for innbyggjarane.

Rådmannen vektlegg i si uttale at ei forskyving av fyllingskravet med ti dagar vil vere betre tilpassa tilsigstilhøva og redusere produksjonstapet, utan å ha nemneverdig negative konsekvensar på natur og miljø. Eidefoss A/S hatt eit brutto tap på 22 mill sidan konsesjonsvilkåra vart revidert for 5 år sida. Dette utgjer eit betydeleg inntektstap i utbytte for eigarane.

Rådmannen vil difor tilrå at søknad frå Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) om endring i manøvreringsreglementet for Tesse gitt ved kgl.res. av 20.10.2011 blir godkjend. Dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) bør vere 10. juli slik som GLB søker om.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2017

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Som fiskerapporten frå NINA viser så er det gjort fleire endringar dei siste år som fyllingskrav 1. juli frå 2011 og opphør i utsetting av fisk i 2015. Dette gjer det vanskeleg å dokumentere kva for effekt dagens endringar har medført, men NINA rapporten viser at fyllingskrav innan 1. juli er betre enn fyllingskrav 10. juli.

Når det gjeld effektane for landskapsbilete, erosjon og biologisk mangfald så meiner rådmannen isolert sett at dette ikkje taler for å endre datoen for fyllingskravet. Det gjeld spesielt kva for effekt det vil ha for fiskelivet i Tesse, men rådmannen vurderer det dit hen at dei økonomiske konsekvensane må vege tyngst i denne saka. Med bakgrunn i produksjonstap bør det ligge til rette for å endra dato for fyllingskrav som omsøkt. I ein stadig meir krevjande økonomisk situasjon må Vågå kommune få tilgang på alle dei inntektene som er mogleg framover for å oppretthalde tenestetilbodet for innbyggjarane.

Vågå kommune vektlegg i si uttale at ei forskyving av fyllingskravet med ti dagar vil vere betre tilpassa tilsigstilhøva og redusere produksjonstapet, utan å ha nemneverdig negative konsekvensar på natur og miljø. Eidefoss A/S hatt eit brutto tap på 22 mill sidan konsesjonsvilkåra vart revidert for 5 år sida. Dette utgjer eit betydeleg inntektstap i utbytte for eigarane.

Vågå kommune vil difor tilrå at søknad frå Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) om endring i manøvreringsreglementet for Tesse gitt ved kgl.res. av 20.10.2011 blir godkjend. Dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) bør vere 10. juli slik som GLB søker om.